



TERRY LEHNS. Husband som gav elektrisk stemning.



NORSK STANDARD. Vokalist Frode Rønhovde satte en standard for kvelden.



STEVE HARLEY & Cockney Rebel leverte den beste konserten under blueshelga.



LITE OVERRASKANDE at jentene stod lengst framme under konsert med blueskameratane.



GITARSOLO. Gitaristen i Steve Harley & Cockney Rebel



KAPTEIN RØDSKJEGG og piratene underheldt barn på blueslageret.



BLUESGITARKAMERATAR. Henning Kvitnes, Steinar Albrigtsen og Paal Flaata.

# Yrande liv og blå musikk

Blueslaget lokst utøve har gjennomført nok ei strålende blueshelg. I løpet av helga har ein fått kunne oppleve den eine godbiten etter den andre. Odda har sprudla av liv.

Herdis Moldøen  
herdis@hardanger-folkeblad.no

Den første konserten som stod på programmet var Steve Harley & Cockney Rebel. Kloke var dei 3-400 som tok turen til blueslageret tidleg på fredagskvelden. Steve Harley & Cockney Rebel gav ein konsert fleire reknar som den beste konserten dei nokosinne har opplevd i Odda.

– Eit kupp, var sjefen for Notodden Bluesfestival sin karakteristikk av konserten. Dei godt voksne musikanere

leverte ein fantastisk versjon av «Sebastian», og det var ingen tvil om at Steve Harley likte seg på scena i Odda. Han spøkte med publikum og vitsa om den ivrige fansen som stod lengst framme og sang for høg hals.

På Iris fredag kveld spelte lokalbanda Norsk Standard og Vetrhus Bluesband. Norsk Standard spelte gode versjonar av norske hits, og Vetrhus Bluesband leverte, som alltid, god konsert for stinn brakke og stor jubel.

## Tynt for barn

I overkant av tretti barn var spent på møtet med kaptein Rødskjegg på blueslageret laurdag formiddag. Scena var stemningsfylt dekorert med mange hovudsaklar, ei skattekiste og eit gamalt skjelett. Piratane og kaptein Rødskjegg var ikkje så kumle som kulissene tilsa. Dei tulla, feis og song mange kjente

og ukjente barnesongar.

Forteljinga var tynn og skodespelarane sleit med å oppnå kontakt med barna. Kanskje ville det blitt ei betre oppleving for barna om det hadde vore betre tilrettelagt. Sjølv om barna vart oppfordra å sette seg på ei tynn presenning framfor scena, satt dei fleste på stolar langt unna.

På Iris og Hardanger Hotell samla mange vaksne seg til ettermiddagsblues laurdag. Terry Lehns, som visstnok kan reknast som eit husband for Blueshelga, hadde saman med Norsk Standard og bluesartisten Yngve Nymoen frå Odda samla mange på Hardanger Hotell.

Publikum i Odda har lagt sin elsk på Terry Lehns, og stemninga var heilt elektrisk i vente på bluesbandet frå Notodden. Når musikanane dukka opp sat folk med store smil i andleta. Ei

dame blant publikum tok til og med fram to skeier, og spelte med.

## Bluesgitarkameratar

Blueslaget har skjont at gitarkameratar er i vinden, og hadde på eige initiativ sett saman Henning Kvitnes, Paal Flaata og Steinar Albrigtsen til konsert på blueslageret laurdag kveld. Det fungerte bra. Kvar artist spelte først eit knippe låtar, før dei til slutt samla seg.

Paal Flaata har kanskje den flottaste stemma i Noreg, og det vart magisk då dei tre kjende musikanere framførte Chris Isaak sin låt «Wicked Game». Blueskameratane spelte bra saman og fellesbolken kunne med fordel ha vore lengre. Kanskje kunne denne unike konserten vore utvida med eit par ekstra låtar.

Troels Jensen & The Healers, som hadde tatt turen frå Danmark, fortsatte festen på Hardanger hotell. Jensen sjølv har visstnok spelt med dei fleste det er verd å spela med, og til Odda hadde han tatt med seg «Bells of Joy», som består av to flotte damer med stor stemmeprakt. Dette bandet spelte også ein gospelkonsert i Odda Kyrkje som avslutta Blueshelga for i år.

## Liv i Odda

Det er ikkje berre konsertane som gjer festivalen til ei god oppleving. I heile Odda var det eit yrande liv frå fredag til søndag. På laurdagen var det mykje aktivitetar i sentrum. Utanom bluesarrangementet, var det loppemarknad, skumparty, tivoli, kunstutstilling, Oddamila og gode tilbod i butikkane. Og det såg ikkje ut som om det baud på store konflikter. Det var stor oppslutning om det meste. Slik skal det vera på ei bra gjennomført blueshelg.

## Truleg i pluss

Etter ei god helg med mange konsertar og arrangement har Stein Egil Legård god grunn til å seia seg nøgd med Blueshelga.

Herdis Moldøen  
herdis@hardanger-folkeblad.no

Utan at tala er heilt klare, ser det ut som om blueshelga kan ha gått i pluss i år. Det er seld mest festivalpass og dagspass, og det har vore godt med folk ute.

– På barnearrangementet skulle det ha vore meir folk på, seier Legård, og skuldar litt på at dei måtte konkurrere med tivoliet.

– Når ein må gå gjennom eit

tivoli for å komma inn på lageret, kan fleire falla av på turen, seier Legård, som meiner det er tulle å leggja eit tivoli rett utafor lageret når det skal vera arrangementet der.

På spørsmål om konsertprogrammet, seier Legård at det var stas at Blueshelga kunne presentere nye lokale band som til dømes Norsk Standard.

Legård er mest nøgd med konsertane på lageret og korleis lageret har fungert som konsertlokale. I år har dei satsa på å ha berre ein konsert på lageret slik at folk kan gå vidare. Det har vist seg at publikum liker å gå til andre og kanskje meir siviliserte utestadar etter kvart på kvelden, og i år tok dei omsyn til dette.

– Det kunne sjølvsagt vore

## Søskenpar vant Oddamila



SØSKENPAR VANT. Kjetil Måkestad (foran) og Ingvill Måkestad (lengst til venstre) vant årets Oddamila med sluttider på henholdsvis 33.22 og 36.43.

Stemningen var stor og god da den 29. utgaven av Oddamila gikk av stabelen lørdag formiddag. Kjetil Måkestad fra IL Korlevoll vant klassen for menn senior på sluttida 33.22.

Tekst og foto: Jarle Skogheim

– Godt å være tilbake etter to år med skader, sa Kjetil til HF etter løpet. Han innrømmer at vinnertida ikke er noe å skryte av, men sier han nå ser frem til å trene seg gjennom vinteren og satse for fullt neste sesong. Kjetil vant med klar margin til Johnny Kibsgaard, BIL Zinken, som endte på tida 34.58. Ingvill Måkestad (IL Korlevoll) vant kvinneklassen på tida 36.43 og var også nummer tre i mål av de totalt 32 startende aktive løperne. Også hun smilte over å være tilbake i Odda. Alle som løp på tid startet samtidig, nøyaktig kl. 13.00 fra

krysset midt i Odda sentrum. Løypa gikk opp over Nylandsflaten rundt med Odda Energi, ned igjen Bustetungata, Opheimsgata, pluss den tradisjonelle sløypa utover gangveien til Tokheim og tilbake til sentrum.

Nils Magnus Bøen Grave vant klassen for Gutter 12-16 år med tida 37.15, knappe fire minutter foran Øystein Hølleland. Sigurd Ekkje fra Røldal IL vant klassen Gutter 17-19 år med sluttida 39.17. Arrangørene var kjempefornøyde med været og publikumsinteressen lørdag, men kunne nok tenkt seg langt flere deltakere både i Minimila og Oddamila. Årets deltagerantall på begge arrangementene var ca. 120, mens det i rekordåret 1998 var hele 367 på startstreken. Vi savnet ellers to lokale navn som i en årrekke har preget dette arrangementet, nemlig Svein Erik Eide og Terje Aggvinn. De har henholdsvis 14 og 6 seire i Oddamila, men var ikke på startstreken i år.

## Første tap på to år

Odda sitt handballag (13 år) spelte opningskamp i serien søndag, og tapte for første gang på to år. Resultatet vart eit 9-17-tap for Bergen.

I første omgang vart Odda litt overkjørt og klarte ikkje demma opp for dei skotsikre spelarane frå Bergen. Ved pause var stillinga 3-10. Men Oddajentene klarte seg betre utover i kampen, og i andre omgang klarte jentene

å stort sett spela på same nivå. Det blir spennande å følgja sesongen vidare.

## Oddalaget:

Torbjørn Holven (keeper), Isabell G. Løyning (1), Lisa T. Solberg, Line Ullebust, Kristin Moldekleiv, Elise E. Børslien (3), Hele Apold, Stine Bjørkevoll (1), Synnøve Skarde (1), Synnøve Ø. Aksnes (1), Malene Stenhjem (2).

## Roleg helg for politiet

Politiet kan melda om ei roleg blueshelg. Det har vore god stemming og berre nokre få tilløp til slaskampar, men ingen er meldt til politiet. Politiet melder om at dei har gode erfaringar med Blues-

helga. – Blandinga mellom unge og eldre ute på byen ser ut til å hjelpa på stemninga, seier ein politibetjent til Hardanger Folkeblad.



GODT NØGD. Stein Egil Legård er godt nøgd med Blueshelga.

Arkivfoto